

Skule-og kulturutvalet si handsaming av 058/18 i møte 27.11.2018:

Rådmannen sitt budsjettframlegg vart drøfta. Utvalet har desse innspela i høve vidare handsaming av budsjett/økonomiplan:

Tiltak som bør leggest inn:

Tiltak	2019	2020	2021	2022
Oppretthalde Rand skule og barnehage	825 000	1 650 000	1 650 000	1 650 000
Gangveg Loen -Solvik		25 575 000		
Solvik - Leite			15 000 000	15 000 000
Gode vegar	200 000			
Driftstilskot til dyrlegane	300 000	300 000	300 000	300 000
Forskottering bygdebok		3 000 000		
Nytt golv i gymsal på Olden skule	310 000			
Utviding Loen barnehage			5 100 000	
Innløysing Tonningskamben		9 000 000		

Tiltak som bør ut/reduserast:

Tiltak	2019	2020	2021	2022
Geilevegen	-7 500 000			
Ny brannstasjon	-1 000 000	-5 000 000		
Ny brannbil	-600 000			
Grusvegar	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Reasfaltering	--500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Innløysing Tonningskamben	-9 000 000			

Framlegget om tiltak som bør inn og tiltak som bør ut/reduserast vart samrøystes vedtatt.

- **Tillegg frå Arbeidarpartiet og Venstre:**
 1. Barnehage for Vikane vert flytta til Innvik frå start barnehageåret 2019
 2. Tiltaket vert finansiert med innsparte midlar frå drifta av Utvik barnehage
 3. Tiltak «Oppvekstsenter Vikane». Frå Utvik barnehage til Vikane skule, NOK 1,0 mill vert flytta frå 2020 til 2019.
 4. Ein må sjå skulebygg og barnehagebygg i Innvik i ein samanheng. Dette for å skape eit framtidsetta barnehagetilbod i Vikane.
- **Tillegg frå eit samla utval:**

Gymsalen på Olden skule:

Gymsalen er slitt og lite tilfredsstillende. Det har ikkje vore gjort noko sidan 1967. Behovet for rehabilitering av heile salen, samt skyvevegg mellom gymsal og vestbyle. Golv, lys og ventilasjon er ikkje tilpassa dagens krav.

Byggesteg 1: Nytt golv 245 m² + oppmerking, kr. 310 000 + mva i 2019

Byggesteg 2: Generell oppgradering av hallen med lys, ventilasjon, skyvevegg, vindauge etc. Innspelt til bygg og eigedomsavdelinga som C-tiltak. Må leggest inn i økonomiplanen for 2020.

Utvalet ber kommunalsjefen om plan/utgreiing og kalkyle for byggesteg 2. Den skal framleggast for utvalet før sommarferien 2019.

- **Tillegg frå Kristeleg Folkeparti:**

Singerheimen er eit viktig kulturminne. Dette bør kome til uttrykk gjennom vidare engasjement og økonomisk støtte frå Stryn kommune.